




Os Venstre

Program Os Venstre 2007 – 2011

- Os skal vera ein førsteklasses kunnskapskommune.
- Os kommune skal ta miljøutfordringane på alvor.
- Kystlinna og jordbruksområda skal skjermast frå fri utbygging.
- Kommunen skal leggja til rette for fleire innvandrarar.
- Vi skal satsa på habiliterings- og rehabiliteringstenester.





Tore Rykkel (50)

Bur i Vågshaugen og jobbar i BKK Marked.

*"Eg vil at Os skal væra ein moderne miljøkommune.
Triveleg å bu i, opplevingsrik å koma til."*



Grønt lys for en offensiv miljøkommune

Venstre fekk i mai 2007 gjennomslag i Formannskapet for at Os skal få ein eigen miljøplan.

- Venstre vil ha ein ansvarleg klimapolitikk i kommunen
- Venstre vil ha på plass eit betre tilbod på kollektivtransport, både til krinsane og til Bergen. Vi vil følgja opp Venstre sitt forslag om familieårskort for heile fylket.
- Venstre vil avgrensa bygginga i strandsona. Os Venstre seier ja til naust, og er i mot bygg i strandsona som privatiserer ho.
- Os Venstre vil støtta lag og organisasjoner som vil vera med på dugnad med rydding av turstiar og liknande slik at dei i auka grad også vert brukande for rørsluhemma.
- Os Venstre vil arbeida for at store fritidsbåtar kan samlast i miljøgodkjente båthamner.
- Os Venstre vil ha konsekvent bruk av miljøvennlig teknologi for havbruksanlegg i kommunen. Os Venstre vil gå imot at det utan vilkår blir gjevne fleire konsesjonar for havbruk i kommunen. Vi er òg mot utviding av eksisterande verksemder, slik dei vert drivne no.
- Venstre vil miljøsertifisera kommunen sine eigne verksemder og leggja til rette for at private verksemder også blir sertifisert.
- Venstre vil ta miljøomsyn i arealplan- legginga, slik at friområde og dyrka mark vert sikra og ålmenta får tilgang til naturen både på sjø og land.
- "Os Venstre vil auka løyingane til ideelle lag og organisasjoner, inkludert idrettslag. Desse er svært viktige miljøfaktorar i nærmiljøet."





Elisabeth Haugland (63):

Bur i Kuhnlevegen. Utdanna fysioterapeut og jobbar ved Høgskulen i Bergen.
Har særleg fokus på arealplanlegging, helse og omsorg.



Grønt lys for den trygge kommunen

Nesten alle innbyggjarane har i fasar av livet bruk for hjelp frå kommunen. I slike høve er ein ekstra sårbar. Os Venstre vil prioritera tiltak som gjer at enkeltmenneske kan få hjelp til å ta i bruk eigne ressursar trass problem, sjukdom og nedsette funksjonar. Enkeltmenneske må få lov og hjelp til å ta ansvar for å leva eit optimalt liv.

- Os Venstre vil syta for at det vert utarbeida individuelle planar og at tenestene er lett tilgjengelege.
- Os Venstre vil støtta eit godt familjø. Utan omsyn til alder er det mange i Os som treng å få hjelp av personar med faglig kompetanse for å kunna ta i bruk eigne ressursar på best mogeleg måte. Os har i dag mange faggrupper med høg kompetanse. Venstre vil synliggjera og bruka denne kompetansen, og jobba for at kommunen skal tiltrekka seg ytterligare kompetente medarbeidarar i tida som kjem.
- Os Venstre vil legga til rette for ein trygg og aktiv alderdom. Venstre vil oppmuntra til kreative løysingar for bustader der eldre menneske kan føla tryggleik og vørndad og klara seg mest mogelig sjølve trass nedsette funksjons- evner.
- Os Venstre vil ta initiativ til evaluering av NAV-reformen i Os kommune.
- Venstre vil ha snøggare gjennomføring av trafikksikringsplanen.
I ein trygg kommune er noko av det som betyr mest for barnefamiliane at foreldra kan kjenna seg trygge på at borna har ein sikker veg til og frå skule og aktivitetar. Foreldra si otte i så måte må verta høyrd. Venstre gjev grønt lys for vurdering av skulevegane, for samarbeid og konstruktive tiltak på dette området.





Helge F. Kjellevold (57)

Rektor. Bur i Skorvane.

Har særleg fokus på skule og oppvekst.



Grønt lys for kunnskapskommunen

I førre perioden arbeida Venstre for å betra tilhøva i skulen. Vi har lukkast innanfor nokre område, men er langt frå nøgde. Vi skal arbeida vidare for å bli ein førsteklasses kunnskapskommune.

- Venstre vil ha fleire, ikkje færre ressursar til skulane i Os
- Venstre vil byggja ny ungdomsskule.
Os Ungdomsskule har lenge slite med nedslitne og uegna lokale. Måten ein i dag driv undervisning på, set heilt andre krav til bygningsmassen enn då denne skulen vart bygd. Slik Venstre ser det, må det byggjast ny ungdomsskule i løpet av dei neste fire åra.
- Venstre vil verna krinsskulane.
Skulen og barnehagen er sjølve kjerna i lokalsamfunnet. Skal ein nå målsetjinga om vekst i alle krinsane i Os, må krinsskulane vernast.
- Venstre ynskjer større foreldremedverknad i skulen.
I Søre Øyane har dei i tre år drive forsøk med foreldrefleirtal i det lokale skulestyret. Dette har vore med på å auka foreldreengasjementet i skulen. Venstre vil vidareføra dette opplagget og gje andre skular høve til å prøva eit liknande styresett. Det er like- vel viktig å streka under at det pedagogiske ansvaret sjølv sagt skal liggja hjå rektor og lærarar.
- Venstre vil framleis ha kommunale barnehagar.
Det må framleis vera ei kommunal oppgåve å driva barnehagar. Venstre vil arbeida for at dei kommunale barnehagane vert haldne oppe som konkurransedyktige einingar og ein viktig del av barnehagetilbodet i Os.
- Venstre vil ha spesialpedagogisk senter på Kuventræ.
Hovudregelen skal framleis vera at alle elevar skal få sitt opplæringstilbod ved heimeskulen, men for nokre sterkt funksjonshemma elevar vil eit spesialpedagogisk senter vera langt meir teneleg både for desse elevane og foreldra deira.
- Venstre vil ha open SFO på planleggingsdagar som kjem innafor elevane sitt skuleår.
- Venstre vil ha kompetanseår for lærarane.
Mange kommunar har alt vedteke å greia ut framlegget om kompetanseår for lærarane. Venstre vil gjera framlegg om at Os kommune gjer det same.



Kjersti Herdlevær (48)

*Regnskapssjef. Bur på Søfteland.
Har særleg fokus på arbeid for uorganisert
ungdom og miljø.*



Grønt lys for verdiskapning

Venstre vil leggja til rette for at verksemdene skal få kompetente arbeidstakarar, og at nystarta verksemder får drahjelp.

- Venstre vil ynskja fleire innvandrarar velkommen til kommunen.
- Venstre vil styrkja tiltak som fremjer integrering for vaksne og born/unge.
- Venstre vil arbeida for å påverka sentrale styresmakter for å få fjerna arbeidsgjevar avgifta for lærlingar.
- Venstre vil ta initiativ for å betra tilhøva for småverksemder lokalt ved å gje tidsavgrensa stønad til lokale og fasilitetar som breiband og kontorutstyr.
Verksemder som let seg miljøsertifisera og verksemder som arbeider innanfor eit av fylgjande område vil bli prioritert: Miljøbetrinigar, kunnskap og forsking.
- Venstre vil ikkje innføra eigedomsskatt.





Tore Lyssand: (67)

Pensjonert sjømann.

Bur i Smiebakken.

Har særeleg fokus på miljø og kultur.



Grønt lys for den aktive kommunen

Kunst og kultur er sjølve grunnlaget for vår utvikling som menneske og samfunn. I et sosial-liberalt samfunn skal kulturen speglar av bredde og mangfold.

- Venstre vil ha fleire tiltak for born og unge. For denne gruppa er musikk- og kulturskulen heilt sentral. Den skal vera vårt kraftsenter dei neste åra.
Venstre ynskjer fleire møteplassar for born og unge, og mellom unge og vaksne.
Vi ynskjer å vurdera fadderordningar for Os-ungdom blant etablerte organisasjonar.
- Os Venstre vil leggja til rette for betre transport mellom krinsane og sentrale delar av Os, slik at trøngen for transport vert mindre for foreldra.
- Kuventræ skal utviklast vidare som sentralt idrettsanlegg for kommunen.
- Os Venstre vil auka satsinga på kystkultur.
Strandstaden Os er eit godt utgangspunkt for vidare satsing, og disse planane skal fullførast.
- Oselvarmiljøet skal utnyttast betre. Faste opningstider skal gje turistane og dei lokale reiselivsverksemndene fleire trekkplaster.
- Strandlinja for prosjektet "Os Hamn Vest", Mobergsfjøro, kan byggjast ut. Os Venstre ynskjer eit prosjekt som er monaleg mindre enn dei forslaga som har vore lansert i 2006/2007.
- Området langs Oselvo skal betrast. Det skal vera ei positiv oppleving å vandra langs elva frå sjøen til Tøsdal. Og vegna skal vera tilgjengelig for alle.
- Os Venstre vil leggja til rette for verksemder som kombinerer kultur og reiselivs- næring.
- Os Venstre vil prioritera friluftslivet med nye turstiar, sykkelvegar og ridestiar.
- Venstre vil arbeida for ekstra kommunale midlar til organisasjonar som held ved like eller utviklar gangvegar, kulturstiar og kulturbrygg.
- Venstre vil gje høve til utvikling av hestemiljøet i Os.
Det er eit stort hestemiljø i Os. All hestekunnskapen og nærlieken til dei store rideområda i Bergen, gjer at kommunen kan legga til rette for eit kompetansesenter for hest.



Anna Margreta Lunde (57)

Busett på Austre Lurane. Er bibliotekar og jobbar ved Bergen Off. Bibliotek.

Har særleg fokus på allmennretten med sikring av tilgang til sjø og vatn for alle.

- Venstre vil bruka kultur for å byggja bruer. Venstre trur at blanding av kulturar skapar ny vekst og betre forståing folkeslag mellom. Det fargerike fellesskapet gjev dialog, vibrasjoner og mellommenneskelege relasjoner. Det bind saman dei lokale og globale opplevingane.
- Os Venstre ynskjer å få oppretta eit fond som skal verka som eit sikringsnett for arrangørar som vågar å satsa på brubyggjande kulturrangement.
- Venstre vil freista å finna rom til ein diakon i halv stilling.
- Os Venstre vil røysta for å auka kommunen sin del av driftsbudsjettet til kultur med 0,5% fordi Os kommune nyttar mykje mindre på kultur enn snittet i andre kommunar.



Grønt lys for lokaldemokratiet

Venstre er i prinsipp oppteken av at vedtak vert gjort så nært som råd er dei det gjeld. Skal lokaldemokratiet fungera, må alle viktige sider av dei aktuelle sakene koma fram.

- Venstre vil ha betre styring med aktivitetane i kommunale verksemder. Os Bygg og Eigedom tek seg av både arbeidet med å vedlikehalda dei kommunale bygga og utvikling av areal for bustader og næring. Her lyt vi dverre dela ut ein demokratisk mangellapp. Innbyggjarane har minimalt innsyn i, og innverknad på viktige vedtak som gjeld mange.
- Os Venstre ynskjer å auka styrerrepresentasjonen med fleire politikarar, og ynskjer vidare at vedtekten vert endra slik at alle styremøte vert opne.
- Venstre vil styrkja leiaropplæringa i Os kommune.

Meir fridom - meir ansvar



venstre

www.venstre.no/hordaland/osihordaland